

Hustavla

Hustavletradisjonen i Noreg og Norden er ein del av vår kulturhistorie. Frå midt på 1800-talet og i minst hundre år framover, har hustavler hange på veggen i mange heimar. Somme har vore eit uttrykk for tru, medan andre har vore påminningar om verdiar og levereglar. Nokon har dei framleis. Teksten er gjerne eit bibelsitat, eit utsnitt frå et salmevers eller nokre ord til formaning eller trøyst. «Frykt ikkje», kan det stå, eller «Jesus lever». I hovudoppgåva «Skriften på veggen» skriv Helge Unneland at hustavla har same funksjon som jødane sine behaldarar med skriftord ved dørstolpane og ikonhjørna i kristne ortodokse heimar¹. Dimed kan hustavla ha ei eksistensiell meining.

Ei hustavle kan også bestå av visdomsord, ordtak eller små dikt utan religiøs forankring, som Kardemommeloven eller Arnulf Øverland sitt dikt *En hustavle* frå 1929, om kva som er viktig i livet:

*Der er en lykke i livet
som ikke vendes til lede:
Det at du gleder en annen,
det er den eneste glede.*

*Der er en sorg i verden
som ingen tårer kan lette:
Den at det var forsent
da du skjønnte dette.*

*Ingen kan resten av tiden
stå ved en grav og klage.
Døgnet har mange timer.
Året har mange dage.*

Hustavla har også vore knytt til husflid. Ho er forseggjort, gjerne handbrodert, kanskje med silkestråd, med rødt skrift mot kvit botn eller gull mot svart. Materialet kan vera lin, lerret, ull eller stramei, og teknikken prydsøm, plattsøm eller krossting. Somme stunder er orda kransa med blomar eller andre dekorative element. Broderiet er ofte sett i glas og ramme, slik at det fortener si sentrale plassering eller heidersplass på veggen.

Kirkelig Ressurssenter knyt an til denne tradisjonen med si hustavle. Ho vart brodert til Ressurssenteret si 15-årsmarkering i desember 2011 og vart lesen under den økumeniske jubileumsgudstenesta i Trefoldighetskirken, med kongen, statsråden og eit breitt samansett

¹ Helge Unneland: «Skriften på veggen»: *En studie i «hustavlenes» tilkomst, funksjon og folkelige resepsjon*. Hovudoppgåve i kunsthistorie 2006, Universitetet i Bergen

kyrkjeleg leiarskap, samt engasjerte og rørte menneske til stades. Alle fekk kvart sitt trykte kort med same motiv.

Ressurssenteret gjev si hustavle til kyrkjer over heile landet, slik at ho kan hengja godt synleg i våpenhus eller inngangsparti, på kyrkjetorg eller på ein annan eigna stad. Ho signaliserer solidaritet med utsette, og ho vert eit uttrykk for at kyrkjelyden ikkje vil tillata at overgrep skjer. Dessutan minner ho om at Kirkelig Ressurssenter finst og kan vera ein stad å venda seg. Det er mange som trenger å vita at dei ikkje er åleine om overgrepserfaringar, og det er naudsynt å gje støtte.

Vi vil prata sant om livet. Vi vil hindra at krenkingar skjer hos oss, og vi vil bidra til oppreising der krenkingar har skjedd. Vi trur at Gud vil vera hos alle som kjempar mot urett og støtta oss i å skapa gode grenser. Gud vil gje nye moglegheiter til å oppleva respektfull omsorg og kjærleik.

Nedanfor er eit forslag til ein enkel liturgi rundt hustavla. Han kan nyttast som innleiing eller avslutning på møter, stabssamlingar, med konfirmantar, bibelgrupper eller i andre samanhengar, og han kan nyttast i samband med at hustavla vert hengt opp og får sin synlege og faste plass. Liturgien kan gjerast heilt kort, eller han kan byggjast ut og bli til ei temagudsteneste. Ein kan trykka opp teksten og dela han ut til kvar einskild², eller ein kan ta ned biletet og lesa opp teksten.

Hustavla kan lesast som ei vedkjenning til inngang eller ved utgang.

Forslag til enkel liturgi:

Musikk eller salme

Inngangsord

L: *I namnet åt Skaparen, Frigjeraren og Livgjevaren.*

Hustavla vert lesen (her eller til utgang)

*Vert eit menneske krenkt
vert Gud krenkt*

*Ingen skal bære åleine
Vi vil støtte
Vi vil tru på
Vi vil skape trygge rom*

*Kyrkjene står saman
mot vald og
seksuelle overgrep*

² Små kort kan også kjøpes fra Kirkelig Ressurssenter

L: *Det er gjort i stand eit rom for oss.
Her kan vi vera med vår glede og vår smerte, med vår tru og vår lengsle.*

(Stille.)

A: *Til deg, Gud, kjem vi
med alt vi ber på
og legg det frå oss hos deg:*

Kyrie Lokalt val eller «Kvar var du då stormen raste» frå Beate Lech sin CD *Min song og hjarteskatt*, Kirkelig Kulturverksted 2011

L: *Jesus seier: Kom til meg, alle de som slit og har tungt å bera; eg vil gje dykk kvile!*

Salme (forslag nedanfor)

Bibeltekst (forslag nedanfor)

Ei kort betraktning (noko frå introduksjonen og/eller noko anna aktuelt om overgrep/kyrkje)

Eventuelt musikk/salme

Bøn og lystenning (i lysglobe eller på annan måte)

L: *La oss be og tenna lys for noko eller nokon vi tenkjer på, og for den verda vi lev i.*

Lysa vert tent til musikk.

L: *Gud, vend deg til oss
når vi nærmar oss deg,
og sjå det synlege og usynlege vi ber på.
Her er våre lys og våre bønner.
Ta imot det som skapar sorg og sakn i liva våre.
Ta imot det vi håpar på og det vi fryktar.
Du som er lys for verda, ta imot våre lys.*

Eller ei fleirledda bøn. Mellom bønledda kan ein syngja vers frå ei salme (sjå forslag).

L: *Saman ber vi den bøna Jesus har lært oss:*

A: *Vår Far i himmelen!
Lat namnet ditt helgast.
Lat riket ditt koma.
Lat viljen din råda på jorda slik som i himmelen.
Gjev oss i dag vårt daglege brød,*

*og tilgjev oss vår skuld,
slik vi òg tilgjev våre skuldnarar.
Og lat oss ikkje koma i freisting,
men frels oss frå det vonde.
For riket er ditt og makta og æra i all æve.
Amen.*

Salme

Velsigninga

L: *Ta imot velsigninga.*

*Den Gud som famnar oss med kjærleik, omsorg og respekt,
den Gud som høyrer og ser, og som ber oss,
den Gud signe oss nå og til evig tid. Amen.*

Eller

*Herren velsigne deg og vare deg!
Herren la sitt andlet lysa over deg og vere deg nådig!
Herren lyfte sitt åsyn på deg og gjeve deg fred! Amen.*

Utgang: Hustavla vert lesen (her eller til inngang)

*Vert eit menneske krenkt
vert Gud krenkt*

*Ingen skal bære åleine
Vi vil støtte
Vi vil tru på
Vi vil skape trygge rom*

*Kyrkjene står saman
mot vald og
seksuelle overgrep*

Musikk

Tekstforslag:

- 1 Mos 32,21-30: Jakobs kamp
- Sal 31,15-25: Men eg set mi lit til deg, Herre
- Sal 43: Send ditt lys og di sanning
- Jes 42,5-9: Eg, Herren, har kalla deg i rettferd
- Jes 58,5-8: Nei, dette er fasta eg har valt
- Matt 5,1-10: Sæle er dei
- Matt 15,21-28: Den kanaaneiske kvinna
- Luk 4,16-21: Og ropa ut eit nådeår frå Herren

Salmeforslag:

- *Vær sterk min sjel* (Svein Ellingsen 1971)
- *Deg å få skode* (Irsk tekst frå 700-tallet. Norsk omsetjing: Arve Brunvoll 1978.)
- *Noen må våke* (Svein Ellingsen 1975)
- *Jesus från Nasaret går här fram* (Anders Frostenson 1935)
- *Vi rekker våre hender frem* (Svein Ellingsen 1975)
- *O Herre, i dine hender* (Viola Renvall 1933. Norsk omsetjing: Svein Ellingsen 1989.)
- *Ubi caritas* (Med melodi frå Taizé.)
- *Håpstango* (Fredrico J. Pagura. Norsk omsetjing: Holger Lissner/Estrid Hessellund.)